

Geir Styve
Hjelmåsen 37
5915 Hjelmås

Postmottak@lindas.kommune.no
Att Arne Helgesen

21/07/2019

Oppretthalden klage på sakshandsaming i sak 14/6480 -19/22262 gbr 202/108

Viser til avvist klage datert 12.07.2019. Det vert opplyst om at klagen er avvist fordi avgjerd om tilkopling ikkje er eit enkeltvedtak, men ei handsaming av søknad om tilkopling til Lindås kommune sitt anlegg i eigenskap av privat eigar.

Eg stadig innvendingar:

- Klagehandsaminga har tatt alt for lang tid i forhold til lovpålagt frist
- Byggjesak er tydelegvis ikkje involvert i uttale/klagehandsaming slik eg sette fram krav om, dei er heller ikkje på kopilista. Dette sjølv om dei gjennom det opprinnelege byggjeløyvet har lagt ned **forbod** mot innlegging av vatn og avløp.
- Tilkoplinga til kommunalt anlegg går via mitt private anlegg. Dermed har eg fått påkøpla til mitt anlegg to hytter som ikkje har lov å leggje inn vatn og avløp. Det er ikkje akseptabelt for meg, og det er Lindås kommune som må rydde opp i dette gjennom sitt forvaltningssystem.
- VA uthevar i brev av 12/07/2019 at det er tiltakshavar sitt ansvar å fylgje PBL og teknisk forskrift, men avstår frå å fylgje dette opp sjølv om dei *veit* at tiltakshavar ikkje har dette i orden. Fakta har vore kjent lege for VA avdelinga
- Utklipp frå Lindås kommune sitt byggjeløyve til 202/108 sak 18/3007 – 18/32472 datert 7/11/2018. Her går et tydeleg fram at dei to andre hyttene også må søkjast om dersom dei skal tilknyttast

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2. Det er gjeve løyve til tilkopling til sanitæranlegg i vedtak datert 15.01.2013 sak 2013/86-0-1238/2013. Det vart den gang kun søkt om tilkopling for «hovudhytten» bygningsnummer 176294876. Dersom de resterande bygga også skal koplata til omsøkte borehol må dette søkjast om.

Vidare kan vi ikkje sjå at det er søkt om ferdigmelding for tilkopling til kommunalt nett, dette vert satt som vilkår i dette løyve.

Tiltaket skal knyttast til offentleg vassverk og offentleg avlaup via privat fellesleidning.

Eg ber om at Lindås Kommune syter for oppretting av dei nemnte tilhøva.